

TUR NUMMER 5

Time

Denne turen startar ved parkeringsplassen ved Håbekken bustadområde ved 1900-krysset og går gjennom Kvålefeltet og ned til Brøytvegen. Ein fylgjer denne bort til Garborgvegen kor ein så svinger til venstre mot Time kyrkje. Det vakre kvite huset ein då får på høgre side er prestegarden i Time, bygd i 1932. Like etter prestegarden ser ein det som er att av den fyrste fastskulen i Time (bygd i 1850).

Time kyrkje vart sett opp 1859, medan påbygget (teikna av Per Line) er frå 2001. Far til Arne Garborg, Eivind Garborg, er gravlagd ved steingarden til venstre for inngongen til kyrkja.

Turen går så vidare langs Krossavegen mot Norheim, kor ein på vegen passerer eit jærhus frå 1873, Digerneshuset. Når ein kjem til Norheim får ein ein flott gard på venstre side. Denne har fått kommunen sin kulturvernpris og var i si tid lensmannsgard i Time. Ein fortsett deretter ned til Kvernlandsvegen og fylger gang- og sykkelvegen attende til 1900-krysset og Håbakken. Det er også mogleg å ta til venstre ved Digerneshuset og følgje denne vegen ned til Garborgvegen. Det spesielle namnet 1900-krysset, kjem av at den nye vegen til bygda vart ferdig dette året.




Fakta om turen

Lengde: ca 5 km

Tilpassa barnevogn

Belysning (utanom Timevegen)

Teiknforklaring

-  Parkeringsplass
-  Utsiktspunkt
-  Barnehave

